



Aage Vigeik Nyhammer  
Kubbaleitet 18  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1176 - 19/10747

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
02.04.2019

## Svar på spørsmål vedkomande kommunal veg KV124 - Del av beiteområde - Jordras

Viser til e-post mottatt 10.spetember 2018 og beklager at me ikkje har gitt deg eit svar før.  
Vegavdelinga hadde møte 01.04.2019 kor problemstillinga vart diskutert saman med andre avdelingar i kommunen.

Fyrst vil vegavdelinga informere om at kv124 står øverst på vegavdelinga i Lindås kommune si liste over vegar det er ynskje om å nedklassifisere til privat veg. Vegen endar på private eigedommar der snuarealet ligg på privat kai. Det offentlege eigarskapet til vegen heng att frå den tida det var behov for transport av mjølk til meieriet og prest til kyrkja. Det ligg i så måte ingen eigeninteresse igjen i dag, for at Lindås kommune skal eige eller drifte denne vegen med tanke på tilkomst for allmennheita.

Den kommunale biten av Lurevegen, kv124, går frå kyrkja og ned til privat kai gjennom ein landbrukseigedom. Dei som driv landbruk og har dyr på beite, har ansvar for dyra si velferd og at dyra ikkje kjem på avveie. Dette meiner vegavdelinga at er teke hand om her ved at grindene som er sett opp, sørger for at dyra ikkje kjem på avveie og/eller går inn på privat grunn.

Det er mange offentlege vegar, både kommunal- og fylkesvegar, kor beitedyr kryssar og beveger seg langs vegen. For å unngå at dyr kjem på avvege, er løysinga grind på lågtrafikkerte vegar og ofte ferist på meir trafikerte vegar.

Det å ha dyr på beite er ein del av landbruket i landet vårt og har nok våre ein del av retten til å få bygge veg over landbrukseigedommar. Om det medfører at dei som ynskjer å bruke vegen må køyre over dyreavføring eller at dyr tråkkar ned sideterrenget, så er det faktisk ein del av det å ferdast på landevegane i Norge.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Fagleiar veg  
Inspektør vegavdelinga  
Landbruksavdelinga  
Teknisk Drift  
Vegavdelinga

**Mottakarar:**

Aage Vigleik Nyhammer      Kubbaleitet 18      5916      ISDALSTØ